

Miljøverndepartementet  
Miljøvernminister: Helen Bjørnøy

KONGELEG RESOLUSJON

Ref.nr.:

Saksnr: 200600203

Dato: 5. februar 2007

### **Delvis ikraftsetjing av lov om eigedomsregistrering**

Lov om eigedomsregistrering blei sanksjonert av Kongen i statsråd 17. juni 2005. Lova skal sikre tilgang til viktige eigedomsopplysningar, ved at det blir ført eit einsarta og påliteleg register (matrikkelen) over alle faste eigedommar i landet, og at grenser og eigedomsforhold blir klarlagde. Lova skal avløyse lov 23. juni 1978 nr. 70 om kartlegging, deling og registrering av grunneiendom (delingsloven).

Matrikkelen skal bestå av informasjon som i dag er lagra i grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret (GAB) og digitalt eigedomskartverk (DEK). Det nye registeret er under uttesting i utvalde kommunar. Ordinær oppstart vil skje kommune for kommune frå våren 2007 til våren 2008.

Etter § 50 første ledd trer lova i kraft frå det tidspunktet Kongen bestemmer. Kongen kan setje i verk dei enkelte føresegnene til ulik tid.

Departementet har varsla Stortinget om at departementet vil foreslå å endre lova slik at det kommunale ansvaret for eigedomsoppmålinga kan bli vidareført slik det er i dag. Departementet rår derfor frå å setje i verk føresegner som har direkte føring for spørsmålet om det kommunale ansvaret, før Stortinget har teke stilling til endringsforslaget.

Oppstart av matrikkelen i kommunane er uavhengig av dette spørsmålet.

For å kunne halde fram arbeidet med matrikkelen, er det nødvendig å setje i kraft dei føresegnene i lova som gjeld sjølve matrikkelen. Fram til departementet har lagt fram forslag til endringar i lov om eigedomsregistrering, og Stortinget har teke stilling til desse, vil føringa i matrikkelen basere seg på gjeldande ordningar for GAB og DEK etter gjeldande delingslov. Departementet vil fastsetje forskrift om iverksetjing av matrikkelen med heimel i § 50 tredje ledd.

Dei føresegnene det er aktuelt å setje i kraft omfattar bl.a. føremålet med lova, geografisk verkeområde, om matrikkelen, om føring av matrikkelen og tilsyn med føringa, om utlevering og behandling av matrikelopplysningar, og om overføring av eigedomsdata frå kommunane til staten, dvs. §§ 1, 2, 3, 4, 22, 28, 30, 31, 32 andre og tredje ledd, 50 og 51 femte ledd.

Departementet foreslår at dei nemnde føresegnene trer i kraft straks.

Saka har vore lagt fram for Finansdepartementet, Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Justis- og politidepartementet, Kommunal- og regionaldepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet, Landbruks- og matdepartementet og Samferdselsdepartementet.

Miljøverndepartementet

tilrår:

1. Delvis ikraftsettning av lov 17. juni 2005 nr. 101 om eigedsregistrering.
2. §§ 1, 2, 3, 4, 22, 28, 30, 31, 32 andre og tredje ledd, 50 og 51 femte ledd trer i kraft straks.